

leiar

Kommunane treng premissane

Med den blå-blå regjeringa blei det for alvor sett fart på debatten om kommunesamanslåing i Noreg. I alle landets regionar blir det nå snakka om kven som vil hit og kven som vil dit, og kven som er naturlege samarbeidspartnarar. Nokre stader lurar ein også på om ein i det heile vil samarbeide med andre kommunar - har ein det kanskje ikkje bra nok i den kommunen ein har, eller...?

På bordet ligg det fagre ord om at kommunesamanslåing er frivillig og at kommunane sjølv må ønskje den og forme den. Likevel, bak spegelen lurar riset som seier at om du ikkje vil og staten finn meininga di urimeleg, vil den likevel kople deg saman med nokon. Det luktar både litt tvangsekteskap og sentraliseringsmakt, sjølv om argumentasjonen er sterk om livskraftige lokalsamfunn og gode tilbod til innbyggjarane gjennom sterke og gode fagmiljø på område som kommunen har ansvar for.

Det ligg òg nokre økonomiske føringer i tilbodet frå staten; Jo meir medgerlege me er og jo kjappare me er til å slå oss saman, jo meir pengar får me. Derfor hastar nå mange kommunar inn i kommunesamanslåingskarusellen. I alle fall er det mange som greier ut om samanslåing.

Det største problemet i kappløpet mot storkommunar er ikkje debatten og sjølve idéen om samanslåing. Det kan godt hende det vil gjere godt å slå seg saman nokre stader – at ting blir betre. Å ha eit opent sinn og sjå nye løysingar vil kunne løne seg i fleire lokalsamfunn. Det gjeld likevel ikkje alle – ein må sjå på kvar region individuelt.

Det som er det mest skremmande i prosessen er at regjeringa ikkje vil gje kommunane dei premissane som verkeleg betyr noko når ein skal slå saman kommunar: Ei skikkeleg oversikt over dei konkrete oppgåvene som kommunane skal ha i framtida, både nye og gamle. Utan dei er det vanskeleg å leggje rammer, vanskeleg å sjå større liner og krevjande å førebu nye og formålstenlege kommunegrenser.

Så om regjeringa ønskjer seg ei positiv, realistisk og matnyttig kommunereform bør den snart få oppgåvene på bordet.

”Det som er det mest skremmande i prosessen er at regjeringa ikkje vil gje kommunane dei premissane som verkeleg betyr noko når ein skal slå saman kommunar.”



Gamle jernøkser. Begge øksene er godt over tusen år gamle. Den til venstre i bildet er ei vikingøks med hol til skaft, medan den andre er ei jernøks frå middelalderen. Foto: Privat

Øksene på Bergland

Ei vikingøks og ei middelalderøks er funne i Bergland-området i Bø. Begge er godt over tusen år gamle.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no – tlf 906 38 453

Det er gjort to interessante funn av viktig kulturhistorisk verdi i området på og rundt Bergland gard i Øvre Bø.

To jernøkser

To gamle jernøkser er funne på gården og er nyleg blitt levert kulturminneavdelinga i Telemark Fylkeskommune for nærare undersøking.

Rådgjever på arkeologi, Sindre Arnkvern, stadfestar funna, og at øksene høvesvis er frå vikingtida og middelalder.

– Øksa med hol til skaft og med liten egg er ei typisk vikingøks frå 900-talet, og er ei jordbruks- eller reiskapsøks, seier Arnkvern, og legg til at han er litt meir usikker på tidfestinga av den andre øksa.

– Mest sannsynleg er den frå åra mellom 1050 til 1200. Den er

nok brukt som ein kile i tømmerarbeid, seier han.

Arnkvern seier at funna er interessante og fortel mykje om tidsepokane for garden dei er funne på.

Til museum

Begge øksene blir nå sendt Kulturhistorisk museum i Oslo for katalogisering og nærare undersøking. Fleire detaljar og sikrere tidfesting vil venteleg kome fram av desse undersøkingane.

– Vikingøksa blei funne av Halvor Bergland på jordet nedan-

for vånigshusa i 1912. Han var bestefar til Ingebjørg Strand.

Middelalderøksa blei funne på 1970-80-talet av Tor Bergland, sonen til Halvor Bergland. Den blei funne i eit skogstykke mot riksvegen som ein kallar Prestehogna, seier Per Oskar Strand, som eig garden Bergland saman med kona Ingebjørg Strand i dag.

– Det litt spesielle i dette tilfellet er at ei av øksene blei funne og registrert så tidleg som i 1912 og at den sidan berre har ligge på garden, seier Arnkvern.

Funna er registrert i det arkeologiske registeret Askeladden.



Bøblad

27. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2013: 2501
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no

pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Salsansvarleg:
Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonse:
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no

Frilansarar:

Karen Anne Grindem
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Junliang Vestgarden
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale

er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt.
Bø blad forbehold seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementprisar:

Halvår kr 490,- heilår kr 820,-
Studentab. kr 490,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.

Utgjeve av Bø blad AS
Org nr.: 842 831 032
Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten»

sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.
Adresse: Rådhusgata 17,
Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo.
E-post: pfu@presse.no
Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55